

Årsmøte i VIR 2018.

Møtestad: Park Hotell

Tid: Tirsdag 22 mai 2018 Kl. 19.00

Sakliste :

- Godkjenning av frammøtte representantar og fastsetjing av stemmetal.
- Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Val av møteleiar, referent og 2 representantar til å underskrive protokollen.
- Årsmelding for 2017
- Rekneskap for 2017
- Rekneskap for Edv.B.Hegboms Minnefond pr. 31/12-2017
- Budsjett for VIR 2018
- Handlingsplan for VIR 2018.
- Val av styre for VIR
- Val av valkommite

Olav Farestveit

leiar

Årsmelding for Voss Idrottsråd 2017.

Årsmøtet for 2017 vart avvikla 23/3 i Fleischer Hotel med val av nytt styre og funksjonstid.
Styret har konstituert seg sjølv

Leiar	Olav Farestveit	Voss il.	1 år (2018)
Nestleiar	Nils Een	Il.Ørnar	1 år (2018)
Sekretær	Renate Lunde	Voss il.	2 år (2019)
Kasserar og varamedlem	Frode Rokne	Il.Viljar	2 år (2019)
Styremedlem	Einar Melve	FBK. Voss	1 år (2018)
Styremedlem	Svein Oscar Moseide	Voss Kajakkklubb	2 år (2019)
Styremedlem	Brit Elisabeth Dale	Il.Eldar	1 år (2018)

Ingen fleire varamedlemmer

Revisor	Terje Eide	Bjørgum il.	2 år
Revisor	Nils Inge Håland	Voss il.	1 år

Styret har fordelt nokre arbeidsoppgåver slik:

- Sekretærfunksjonen har vore ivaretaken av Renate Lunde.
- Leiar har delteke i møter i Brukarrådet for Voss Idrottsplass.
- Brit Elisabeth Dale har vore ansvarleg for ajourføring av heimesida
- Frode Rokne har vore kassererar
- Styret har delegert mynde til leiaren for å handsama forløpande saker som er referert til heile styret via e-mail.

Arbeidet i Styret.

Styret har i løpet av 2017 avhelde 5 styremøter forutan Årsmøtet.

Referata frå alle møta finn ein på heimesida til VIR.

Voss Kommune sin idretts-og friluftskoordinator har vore invitert og delteke på styremøter.

Leiar deltok på HIK i inkluderingsidrettskveld på Voss 06/09-2017

Leiar deltok på HIK sitt ting i Nordheimsund 7/4-2018

Leiar ,Frode Rokne og Einar Melve har vore med i arbeidet med OL og Idrettens Olympiade

Oppgradering av VIR si heimeside.

Med hjelp av firma "dform" vart heimesida til VIR oppgradert og ein del nyttig informasjon er no å finne her t.d. alle som har fått tildelt Hegboms Heiderspris frå 1988-2016 og Highland-staupet frå 1960 -2015.

Medlemsmasse i VIR

Det er i løpet av året kome til 1 nytt idrettslag

- Voss Brettlag

Det er etter dette i alt 47 lag som samla utgjer Voss Idrettsråd og som alle er tilslutta Norges Idrettsforbund og Hordaland Idrettskrets.

Vi reknar med at det i laga er tilsaman ca. 8600 medlemskap innan Voss kommune noko som tilsvrar ca. 60 % av folkesetnaden medan snittet i Hordaland er ca. 42 %

Kontingent for medlemskap i VIR

Denne saka var til handsaming på årsmøtet i Voss Idrettsråd i mai 2017. Her vart det avgjort at medlemslaga til Voss Idrettsråd skal betala kr 5 per medlem i kontingent til idrettsrådet frå og med 2018.

Bakgrunn for dette er ynskje om å auka aktivitetane innan Idrettsrådet innan trenarutdanning, lagbygging, anleggsutvikling, intergrering, arrangementsutvikling , auka forståing for ulike støtteordningar etc

Betaling av kontingent frå medlemslaga i idrettsråd har vore tema i Hordaland Idrettskrins og mange andre idrettskrinsar for å styrka aktiviteten i idrettsråda . Difor gjennomfører mange idrettsråd i landet dette no. Kontingent frå idrettslaga er også heimla i Voss Idrettstråd sine lover.

Pr. Mai 2018 har 34 lag betalt inn kr : 38 740

Styret tilrår at denne ordninga held fram

Samarbeidsavtalen mellom VIR og Voss kommune.

Tidlegare styre har i møte med kommunen peika på at samarbeidsavtalen må reviderast og oppgraderast.

Samanliknande kommunar hadde ein meir omfattande avtale som regulerte praktisk samarbeide i planlegging , utbygging og drift av idrettsanlegg.

Avtalen er revidert og godkjent .

Aktuelle saker som har engasjert styret i VIR.

Sentral-idrettanlegget.

Arbeidet med reguleringsplanen for sentral-idrettsanlegget har vore sentral arbeidet til VIR. VIR har sendt sine kommentarer i samband med oppstarten v dette arbeidet

Me har vore to representanter fra VIR i kommunen si refranseguppe. Det har vore 3 arkitektar som har utarbeid ideskisser til mulege løysingar . Voss kommune har skissert kva idear frå desse skissene, dei vil arbeida vidare med. Det ser ut til at framlegg til reguleringsplan vil bli lagt fram første halvår 2018. I samband med dette arbeidet er også ideen om skøytebane lansert.

Idrettens olympiade

VIR tok i 2017 initiativ til å vurdere om det er mogeleg å arrangere Olympiske og Paralympiske leikar på Voss og Vestlandet. VIR forskoterte midlar til at det var utarbeid ein studie av eit firma som heiter OPUS. Konklusjonen var at dette var mogeleg. Dette var gjort i samarbeid med idrettråda i Stavanger og Bergen. På bakgrunn av dette vart det etablert eit selskap "Idrettens Olympiade AS ". Dette selskapet er likt eigd av Voss Idrettsråd og Idrettsrådet i Bergen. Alle midlar som VIR forskoterte er ført tilbake. Med idrettens Olympiade har idrettsråda på Voss og i Bergen fått ein organisasjon som kan arbeida vidare med desse oppgåvane med eigne midler .

Reguleringsplan Bømoen

-Me har arbeid med innspel og kommentarer på reguleringsplanen for Bømoen. VIR påpeika sine synspunkt utfrå idrettens på Voss sine behov. Denne planen er trekt tilbake og vil inngå i eit større planarbeid som Voss kommune arbeidet med

Vossabadet

Svært gledeleg at Vossabadet var åpna. Styret og leiar har jobba med mindre justeringar (f.eks 110 m hekk) i samband med ferdigstillinga av badet.

Skytebane Idretthallen

Skytebana i Voss Idrettshall har ikkje vore i drift sidan flumen 2014 .

Brukarane av anlegget undrar seg over at denne ikkje er sett i stand etter flaumen og styret i VIR har medverka til at avgjerd om å prioritera dette arbeidet blei tatt. Arbeidet blei ferdigstilt hausten 2017

Andre nye anlegg.

Bulken arbeider med å legge kunstgras på si fotballbana i Eideshagen ,truleg i løpet av 2018

I Voss Ski -og Tursenter vert det arbeidd med å tilrettelegge nye turløyper i fleire separate sløyfer for trim og turbruk både for lokal busetnad og for hyttefolket i bygda. No er løypa i Herresåsen knytt saman med løypa i Songvesåsen

Vedlikehald av idrettsanlegg.

Laga og anleggseigarar har ei viktig oppgåve med å halde vedlike dei ulike anlegga i kommunen

Forutan stor eigeninnsats gjev Voss kommune økonomisk stønad til dei største anlegga både for vinter- og sommaranlegg.

VIR har gjeve fråsegn til sakene som har vore handsama i MKU.

Om LAM-midlar

Norges Idrettsforbund har også i år gjeve tilskot til alle laga som er registrert i NIF. I 2017 vart laga i Voss kommune tildelt kr. 954 117.- som så vart fordelt på antall medlemer etter same fordelingsnøkkelen som før og der kriteria er aldersgruppene 6-12 år og 13-19 år.

Om spelemidlar.

Søknadssum for ordinære anlegg i 2017 auka frå 24 millionar til 75 mill, og det førte til auke i tildelte midlar, som gjekk frå ca 7 mill til 14,3 mill. Nærmiljøanlegg får i snitt tildelt 51% av søknadssum, medan ordinære anlegg ligg på 19% tildelt av søknadssum i 2017

Etterslepet på tildeling av midlar er mindre på grunn av at Vossabadet, Voss Vidaregåande skule og Voss Gymnas er no komne på søknadslista med sine nye anlegg.

VIR har påpeika at det årleg må løvvast ca 15 mill kr. til anlegg i Voss dersom alle anlegga skal få sine midlar i løpet av ein 5 års periode.

Kulturdepartementet opererer i sine statistikkar med gjennomsnittleg ventetid på ca 3 år !

Edvard B.Hegboms mingefond.

For 2017 vart det etter framlegg frå laga delt ut stipend og heiderspris under høgtidninga av 17.mai 2018 på Voss Idrottsplass

Xxx vart tildelt Heidersprisen

Highland-Staupet og Idrettsstipend

VIR fremja også i år kandidat til Highland-staupet som er ei utmerking for beste prestasjon innan vinteridretten siste sesong.

VIR fremja også kandidat til idrettsstipend

Tilskot til utdanning av trenrarar.

Styret har ikkje i 2017 delt ut tilskot til trenrarar og leiarar. Vi skal prioritera og me vil lysa ut dette til hausten og me håpar å kunne støtte fleire gode grunngjevne søknadar .

Idrettsrådet sin funksjon.

Idrettsrådet sin funksjon og arbeidsoppgåver er nedfelt i Lova og ein av dei primere funksjonane er å vere talerøyr for alle laga i VIR , bistå med råd og veiledning samt å vere bindelekk mellom lagslivet og kommunen.

Dette har som føresetnad at laga nyttar seg av mogelegeheita samt å vise engasjement i høve VIR si rolle i lokalsamfunnet.

Her vonar noverande styre at engasjementet for VIR vil auke.

Det å ha styreverv i VIR medfører personleg engasjement og krev at ein er tilstades både i møter og andre samanhengar og bidreg i arbeidsoppgåvene som er tillagt styrefunksjonen. Styret i 2016 sette difor i budsjettet for 2017 av eit beløp på 35.000.- kr. som godt gjersle for dette engasjementet som skal fordelast i høve arbeidsmengde og innsats.

Styret for 2017 tilrår at dette held fram.

Rekneskap for Voss Idrottsråd 2017

Bilag	Dato	Tekst	Inntekter	Utgifter
1	02.02.2017	Forsikringspremie Gjensidige		kr 2 144,00
2	06.02.2017	Foredrag M.Elfasadi 26.01.2017		kr 5 000,00
3	13.02.2017	Opus Bergen (forskuttering for OL på Vestlandet)		kr 65 962,50
4	27.02.2017	Trenar/aktivitetsleiar tilskot VIR - Voss Handball		kr 10 000,00
5	27.02.2017	Trenar/aktivitetsleiar tilskot VIR - FBK Voss		kr 20 000,00
6	27.02.2017	Trenar/aktivitetsleiar tilskot VIR - Voss IL symjegrp		kr 30 000,00
7	27.02.2017	Trenar/aktivitetsleiar tilskot VIR - Bulken IL		kr 10 000,00
8	06.03.2017	Dform-opgradering av heimesida til VIR		kr 2 067,50
9	18.04.2017	Lokalleige og matservering Park - Einar Melve		kr 1 600,00
10	02.06.2017	Opus Bergen tilbakebet forskuttering bilag 3	kr 65 962,50	
11	02.06.2017	Avisa Hordaland annonse årsmøte		kr 525,25
12	02.06.2017	Styrehonrar VIR - Asle Bergstrøm		kr 10 000,00
13	02.06.2017	Styrehonrar VIR - Nils Een - nestleiar		kr 5 000,00
14	02.06.2017	Styrehonrar VIR - Brit - sekretær		kr 5 000,00
15	02.06.2017	Styrehonrar VIR - Frode Rokne		kr 1 000,00
16	02.06.2017	Styrehonrar VIR - Borghild Ure		kr 1 000,00
17	02.06.2017	Styrehonrar VIR - Einar Melve		kr 1 000,00
18	02.06.2017	Styrehonrar VIR - Renate Lunde		kr 1 000,00
19	02.06.2017	Styrehonrar VIR - Jon Gustav Nes		kr 1 000,00
20	13.06.2017	Div kost SF, service data/blekk/mob tlf		kr 10 000,00
21	20.06.2017	Årsmøtekostnad leige lokale samt mat		kr 3 975,00
22	23.06.2017	Blomst Asle Bergstrøm ism skifte SF VIR		kr 325,00
23	26.06.2017	Reiserekn OL på Vestlandet (forskottering)		kr 1 773,70
24	03.07.2017	Tilskot VIR frå Voss kommune	kr 70 000,00	
25	31.08.2017	Opus Bergen (forskuttering for OL på Vestlandet)		kr 3 000,00
26	06.09.2017	Abbonement Idrett og Anlegg		kr 725,00
27	13.09.2017	Kundeutbytte Gjensidige	kr 303,00	
28	02.10.2017	Tilbakebetaling forskottering, bilag 25	kr 3 000,00	
29	28.12.2017	Tilbakebetaling forskottering, bilag 23	kr 1 773,70	
18	31.12.2017	Renter	kr 51,55	
Sub-total			kr 141 090,75	kr 192 097,95
Netto over/underskudd				kr (51 007,20)

BALANSE

01.01.2017	Bank 01.01.2017	kr 177 885,35	
	Resultat 2017		kr (51 007,20)
31.12.2017	Bank 31.12.2017	kr 126 878,15	

Kasserer : Frode Rokne

Revisor : Terje Eide

Rekneskap for Edvard B. Hegbom mingefond 2017

Bilag	Dato	Tekst	Inntekter	Utgifter
1	19.05.2017	Hegbom Diplomer		kr 4 600,00
2	31.12.2017	Renter 2017	kr 4 247,25	
3				
4				
5				
6				
7				
8				
9				
10				
11				
12				
13				
14				
15				
16				
17				
18				
19				
Sub-total			kr 4 247,25	kr 4 600,00
Netto over/underskudd				kr (352,75)

BALANSE

01.01.2017	Bank 01.01.2017	kr 101 105,43	
	Resultat 2017		kr (352,75)
31.12.2017	Bank 31.12.2017	kr 100 752,68	

Kasserer : Frode Rokne



Revisor : Terje Eide



Budsjett for Voss Idrottsråd 2018

	Dato	Tekst	Inntekter	Utgifter
		Inntekter:		
		Tilskot mku	kr 70 000,00	
		Renter, utbytte	kr 200,00	
		Kontingent idrettslag	kr 35 000,00	
		Utgifter:		
		Div.utgifter Kontor/møter		kr 10 000,00
		"Utkjøp" arbeidstid/leige		kr 35 000,00
		Årleg arrangement		kr 10 000,00
		* Avsetting til "større" arrangement		kr 10 000,00
		Styrehonorar		kr 30 000,00
		Sub-total	kr 105 200,00	kr 95 000,00
		Netto over/underskudd		kr 10 200,00

* Planlegg med eit meir omfattande arrangement nokon år.

BALANSE

01.01.18	Bank 01.01.2018	kr 126 878,15	
	Budsjettert resultat 2018	kr -	kr 10 200,00
31.12.18	Bank 31.12.2018	kr 137 078,15	

Kasserer : Frode Rokne

Revisor : Terje Eide